HEILTIDSKULTUR i Volda kommune

**<u>Referat frå prosjektmøte nr. 3 i 2024</u>**

| | |
|---|---|
| DATO/TID: | 29.04.2024 kl 09:00-11:00 |
| MØTE NR: | 3/2024 |
| STAD: | Møterom Dalsfjorden, 1. etg. Volda rådhus |
| INNKALLA: | Berit Lyngstad (prosjekteigar), Nina Kvalen (prosjektleiar), Astrid Dimmen (helse og omsorg), Håvard Strand (skule), Wenche Skjærvik (reinhald), Sonja Hovden (HVO), Ingunn Svendsen (HTV Fagforbundet), Cathrin Fremmerlid (HTV Utdanningsforbundet) |
| FRÅFALL: | Lena Sætre (HTV Sykepleierforbundet), Anita Gaarder (barnehage), |
| MØTELEIAR: | Berit Lyngstad |
| REFERENT: | Nina Kvalen |

| Sak nr | SAK/KONKLUSJON | Ansvarleg |
|---|---|---|
| 25/24 | **Kick-off og belastningar i jobben;** *evaluering, neste år, vegen vidare*<br>• Det vert ikkje sendt ut evaluering<br>• På neste prosjektmøte vil vi vurdere om vi skal sende ut spørsmål om kva var bra/kva kan vi kan gjere annleis til neste arrangement, etter vi har fått oversikt over innspel frå deltakarane om korleis jobbe vidare med heiltidskultur og belastningar i jobben ute på arbeidsplassane<br>• Sjå innspela opp mot MAL - Agenda for STIM-møte (Compilo)<br>• Britt Helen Rognstad frå personalavdelinga blir invitert til møtet<br>• Helse og omsorg: Neste år kan det vere aktuelt med arrangement saman med Ørsta, t.d. om Tørn (gjeld berre helse og omsorg)<br>• Oppvekst: Ha tema på fagdagar mv. | Nina |
| 26/24 | **Tørn, oppgåvekartlegging;** *status, vegen vidare*<br>• Tørn-piloten har oppgåvekartlegging som tema på samling 7. mai<br>• Leiarar i helse og omsorg er invitert til samlinga<br>• HVO og HTV med medlemmar i helse og omsorg vert også invitert<br>• Nina avklarar om barnehage (Anita) ønsker å delta<br>• I etterkant av samlinga skal vår Tørn-pilot starte arbeidet lokalt med oppgåvekartlegging (workshop), der det er aktuelt å invitere institusjonstenesta i Hornindal til å dele sine erfaringar frå arbeidet<br>• Det er mykje god informasjon å få med seg på Tørn-samlingane, og det er viktig at leiarar som kan deltek. Dette vil vere nyttig når vi skal skalere arbeidet vidare ut i organisasjonen. Astrid minner leiarar i helse og omsorg om at dei kan dele invitasjonen vidare internt. | Nina<br><br>Astrid |
| 27/24 | **Neste møte i styringsgruppa for Heiltidskultur (PSU)**<br>• Møtet vert 3. juni kl 9-11 der saker vert:<br>• Heiltidserklæringa; evaluering med nye PAI-tal, sjå sak 29/24<br>• Orientering; status i heiltidskulturprosjektet, Tørn, delprosjekta | Berit<br><br>Nina |
| 28/24 | **Arbeidet i prosjektgruppa**; *prosjektgruppas rolle, kva kan vi justere?*<br>• Heiltidskulturprosjektet starta opp i 2023<br>• Fokuset har vore å sette tema på dagsorden, få kunnskap og kompetanse og prioritere satsingsområde<br>• Leiinga tek tema på alvor, få tilsette er involvert<br>• Det bør jobbast vidare på systemnivå inn mot leiargruppene<br>• Tema bør vere på dagsorden på STIM-gruppemøta på overordna- og arbeidsplassnivå | Nina |

| | | |
|---|---|---|
| | • Prosjektgruppa kan jobbe vidare med:<br>  ○ Lokale retningsliner for heiltidskultur; kva skal vere med i våre retningsliner? Vi ser på døme frå andre kommunar<br>  ○ Justering av MAL – agenda for STIM-møte | Britt H. |
| 29/24 | **Heiltidserklæring**<br>• Heiltidserklæringa vert ikkje justert, men Nina lager ei kort evaluering med nye PAI-tal med heiltidsandel og gjennomsnittleg stillingsstorleik<br>• Berit lager sak til møtet i styringsgruppa (PSU) 3. juni<br>• Vert sendt som orienteringssak til kommunestyret 20. juni | Nina<br><br>Berit |
| 30/24 | **Dynamon**<br>• Det har vore møter med pilotane og med Dynamon for å sjå på utfordringar med generering av turnusar og datainput i løysinga<br>• Det er etablert kontakt med Gjerdrum kommune, som har brukt Dynamon like lenge som oss. Dei vil orientere om sine erfaringar i møte 3. mai<br>• Dynamon ønsker vi skal lykkast, og vil vere tett på oss vidare. Dei tilbyr innføringspakke med 20 t. opplæring, der noko kan vere fysisk i Volda | Astrid<br><br>Nina |
| 31/24 | **Heiltidskulturkonferansen i Ørsta 18.-19. april 2024**<br>Fleire i prosjektgruppa deltok. Fagleg godt og variert program. Presentasjonane er delt med prosjektgruppa. | Nina |
| 32/24 | **Framdriftsplan, møter i 2024**<br>- 18.01.24: Prosjektmøte; velferdsteknologi, kick-off, plan 2024<br>- 07.02.24: Kick-off 2024; samling heile dagen<br>- 07.03.24: Prosjektmøte; evaluering Kick-off, status og framdrift tiltak<br>- 29.04.24: Prosjektmøte; evaluering saml., retningsliner, møte Dynamon<br>- 03.06.24: Styringsgruppa (PSU): Evaluering heiltidserklæring, orientering<br>- 06.06.24: Prosjektmøte; Innspel; korleis jobbe vidare?<br>- Okt. 2024: Prosjektmøte | Berit<br>Nina |
| 33/24 | **Neste møte**<br>Torsdag 06.06.2024 kl 08:30-10:30, Volda rådhus, Dalsfjorden 1.etg.<br>Det er sendt innkalling i kalenderfunksjonen. | Nina |